



## Møteprotokoll for Hovudutval for plan, landbruk og teknisk

**Møtedato:** 18.09.2019  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 09:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Utvalsleiar
Leif Gunnar Taule	SP	Nestleiar
Morgan Taule	AP	Medlem
Dag Sætre	SP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Medlem
Jannicke Helland	AP	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem

---

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jarle Landås, kommunalsjef Lisbeth Alver, fungerande leiar teknisk forvaltning  
Silje Haukedal, møtesekretær Arthur Kleiveland

---

### Saksliste

Saksnr	Tittel
039/2019	Delegerte saker
040/2019	Meldingar og referatsaker
041/2019	Delingssak Gbnr 44/16 Mangersneset - ny grunneigedom for heilårsbustad - behandling av klage
042/2019	Behandling av klage - Einebustad, garasje med tilhørande teknisk infrastruktur - gbnr 100/23
043/2019	Behandling av klage - frådelling - klage - gbnr 21/10 Sylta Indre
044/2019	Delingssak Gbnr 71/3 Taule Indre - ny grunneigedom for eksisterande heilårsbustad - behandling av klage
045/2019	Byggesak Gbnr 68/21 Askeland - terrasse, platting og grillhytte - behandling av klage
046/2019	Plansak - Detaljreguleringsplan Valdernesnes Gnr/Bnr 102/2 - førespurnad om oppstart av planarbeid

- 047/2019 Plansak 12602016000500 - Toska - Skårnesvika naust og småbåthamn - detaljregulering - godkjenning mindre endring
- 048/2019 Plansak 12602017001000 - Planendring - Kvalheimsneset fritidsbustad og serviceområde - slutthandsaming/godkjenning
- 049/2019 Plansak 12602019000100 Detaljregulering - Urhaug Søndre - gbnr 45/6 Manger - framlegg til 1.gong offentleg høyring og ettersyn
- 050/2019 Plansak 12602019000400 - Detaljreguleringsplan - for akvakulturområde ved Toska sør - godkjenning av planprogram
- 051/2019 Søknad om tilskot frå kommunalt viltfond til hjortegjerde
- 052/2019 Søknad om tilskot frå kommunalt viltfond til hjortegjerde rundt juletefult

## 039/2019: Delegererte saker

### Behandling:

Dag Sætre (SP) stilte spørsmål om næringstomt på Olsvollstranda, mellom anna knytt til rekkefølgekrav. Fungerande leiar teknisk forvaltning svara på spørsmål.

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### Vedtak:

Delegererte saker vert tekne til orientering

---

## 040/2019: Meldingar og referatsaker

### Behandling:

Kommunalsjef Lisbeth Alver svara på spørsmål som Leif Taule (SP) hadde sendt på e-post i forkant av møtet:

#### Hovudplan vatn og avløp:

- Vassleidning Austmarka-Storsandvik er ferdig.
- Vassleidning Vetås-Storheim: Forprosjekt er ferdig og trasé er avklart. Infomøte med innbyggjarane gjennomført og forslag til avtale med grunneigarane er under arbeid. Neste steg er detaljprosjektering, som må ut på anbod. Arbeidet med avløpsleidning pågår.
- Krisvasskjelde: Utgår etter avtale med Mattilsynet pga planar om samankopling av Lindås og Radøy sine vassverk.
- Vassleidning ved rådhuset: Dette arbeidet er ikkje starta pga manglande kapasitet. Var planlagt samtidig med evt drenering av rådhuset.
- Inspeksjon høgdebasseng Olsvoll/Storefjell: Reingjort - og ser bra ut. Ingen synlege sår i betongen.
- Vassleidning Sæhøyen: Ferdig
- Høgdebasseng Haukåsen: Forhandlingar med grunneigar pågår.
- Slamavskiljar Storsandvik: Anlegget er ferdig, gjenstår litt opprydding.
- Reinseanlegg Manger, pumpestasjon og sanering. Utlysing av anbod på reinseanlegg i september.
- Resipientgransking: Dette arbeidet er ikkje starta.
- Kloakkreinseanlegg Mellingen: Instebo er varsla om ny trase. Framdriftsplan er ikkje utarbeidd, men målet er å få arbeidet utført med egne ressursar.
- Utgreiingsarbeid for å få vurdert korleis ein kan få framføring av av kommunalt vatn til bygder som er utan kommunal vassforsyning: Straume har søkt. Det er sett på ulike løysingar.

#### Trafikksikringsplanen:

- Fotgjengarfelt Manger sør: Ferdig merking og skilt.
- Oppattmerking og veglys: Ferdig arbeid med kryss ned til Radøyhallen, markert humpar ned i Prestmarka-feltet, og parkeringsplassar.
- Trevegen: Det er nødvendig med ny støypekant.
- Austmarka - skilting mm: Det er skilta i Austmarka, men manglar skilting heilt sør. Det er utfordrande å setja opp skilt pga av plen på eine sida og dårleg mur på den andre sida.

- Parkering ved turstiar: Det er sett ned ei arbeidsgruppe.
- Smedbrekka-Urhaug: Arbeidet ikkje starta.
- Trafikksikring Radøy ungdomsskule: Det vert jobba for å få dette arbeidet ferdig i 2019.
- Trafikksikring Sæbø barnehage: Det har vore anbuds konkurranse og oppdrag er tildelt.
- Manger - Solhall: Det er sendt førespørsel til Norconsult.
- Skysstasjon Manger sentrum: arbeid ikkje starta.
- Mangersnes: Arbeid ikkje starta
- Sævdal - sikringsarbeid: Oppdraget er tildelt - og startar i september.
- Urhaug-Langhøyane: Møte med Statens vegvesen i slutten av september
- Veglys Solend-Marås: Oppstart i september.
- Veglys rundt busshaldeplassar: Oppstart Solend-Marås.
- Fartsgrense Austmarka: Møte med Statens vegvesen slutten av september.
- Forlenga 40-sone mot sør i Manger sentrum: Møte med Statens vegvesen slutten av september.
- Flytta oppheva 50-sone til etter bade plass ved Mangersholmane: Møte med Statens vegvesen i slutten av september.
- Trafikksikring Hordabø skule: Tatt initiativ til eit møte som ser på den heilskaplege trafikksituasjonen rundt skulen.

Bressvika: Roy Bø (Frp) ba om orientering om situasjonen i bustadfeltet Bressvika. Fungerande leiar teknisk forvaltning orienterte om situasjonen.

Husbåt: Leif Taule (SP) følgde opp innspelet om husbåt-tilkomst. Taule er positiv til at vedkomande kan få landliggje på eigna stad i Radøy, men sa samtidig at det er viktig at kommunen formidlar til vedkomande kva reglar som gjeld og kva som krevst. Hovudutvalet slutta seg til dette. Utvalet ønskjer at Alver kommune skal ta stilling til saka.

Rikstad-veg: Leif Taule (SP) spurde om status i sak om veg på Rikstad etter rettsak og dom. Fungerande leiar teknisk forvaltning informerte om at denne saka kjem til handsaming i neste møte i hovudutvalet.

Utsig: Christel Villanger Håland fortalde at ho har fått inspel om utslepp til sjø på Toska.

Store haugar: Leif Taule (SP) informerte om at det framleis ligg store haugar med jord, stein og buskas att i området opp mot barnehagen i Austmarka. Han ber om at dette blir ordna opp i. Rådmannen svara at teknisk drift ikkje har hatt kapasitet til å få gjort dette arbeidet. Andre oppgåver har vorte prioritert høgare.

Hovudutvalet tok meldingar og referatsaker til orientering, med dei tillegg som kom fram i møtet.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

---

041/2019: Delingssak Gbnr 44/16 Mangersneset - ny grunneigedom for heilårsbustad - behandling av klage

**Behandling:**

Hovudutvalet var på synfaring.

Hovudutvalet kjem med følgjande merknad:

Hovudutvalet ser at omsøkte område er veileigna til bustadføremål, men at det ligg like utanfor LNF SB (spreidd busetnad) i kommuneplanen. Det må i samband med kommuneplanarbeidet i Alver kommune gjerast innspel om å utvida LNF SB med omsøkte område.

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 141/2019, datert 03.06.2019, vert sendt Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova §§ 26-1 og 19-2.

Klagen vert sendt Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

---

042/2019: Behandling av klage - Einebustad, garasje med tilhørande teknisk infrastruktur - gbnr 100/23

**Behandling:**

May Britt Vågenes Gjerde (SP) meldte seg inhabil i saka på grunn av nært slektskap til tiltakshavar. Ho deltok ikkje i handsaminga av saka.

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 029/2019, datert 05.06.2019, vert sendt Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova §§ 26-1 og 19-2.

Klagen vert sendt Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd ved setjefylkesmann.

---

043/2019: Behandling av klage - frådelling - klage - gbnr 21/10 Sylta Indre

**Behandling:**

Hovudutvalet var på synfaring.

Etter drøftinger vart hovudutvalet samde om eit utsetjingsframlegg. Søkjar vert oppmoda om å ta kontakt med landbruksavdelinga om det er mogleg med ei deling av eigedomen.

Utvalet vedtok utsetjingsframlegget.

**Vedtak:**

Saka vert utsett.

---

044/2019: Delingssak Gbnr 71/3 Taule Indre - ny grunneigedom for eksisterande heilårsbustad - behandling av klage

**Behandling:**

Fungerande leiar teknisk forvaltning informerte om at fylkesmannen har trekt klagen og det dermed ikkje er grunnlag for å handsama klagesaka.

**Vedtak:**

Fylkesmannen har trekt klagen, og klagesaka blir dermed ikkje handsama.

---

045/2019: Byggesak Gbnr 68/21 Askeland - terrasse, platting og grillhytte - behandling av klage

**Behandling:**

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 033/2019, datert 05.06.2019, vert sendt Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova §§ 26-1 og 19-2.

Klagen vert sendt Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

---

046/2019: Plansak - Detaljreguleringsplan Valdernesnes Gnr/Bnr 102/2 - førespurnad om oppstart av planarbeid

**Behandling:**

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk gjev løyve til å setje i gong detaljregulering for område i Valdernesnes (102/2 mfl.), på følgjande vilkår:

1. Planområdet tek med nok areal til at vurderingar av overordna arealbruk også vert avklart. Det betyr at areal på både sider av vågen må inngå.(Endeleg avklaring i oppstartmøte)
2. Planarbeidet må ta med vurderingar som vanlegvis er del av overordna plan. Det inneber konsekvensutgreiing (KU) og risikoanalyse (ROS) for ny arealbruk.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 12-8(2), jf. Forskrift om behandling av private reguleringsplanforslag.

---

047/2019: Plansak 12602016000500 - Toska - Skårnesvika naust og småbåthamn - detaljregulering - godkjenning mindre endring

**Behandling:**

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i Radøy kommune godkjenner mindre endring av detaljreguleringsplan for Skårnesvika naustområde Toska slik den ligg føre i revidert plankart datert 04.04.2019 og reviderte føresegner datert 23.08.2019.

Vedtaket har heimel i Plan- og bygningslova § 12-14

---

048/2019: Plansak 12602017001000 - Planendring - Kvalheimsneset fritidsbustad og serviceområde - slutthandsaming/godkjenning

**Behandling:**

Denne saka har vore til politisk handsaming i fleire rundar. På bakgrunn av omfanget saka har hatt, og prinsipielle vurderingar som er gjort, sender hovudutvalet saka til kommunestyret til endeleg avgjerd.

Det vart sett fram følgjande fellesframlegg i møtet:

Hovudutvalet kjem med følgjande tilråding til kommunestyret:

I samsvar med Plan og Bygningslova §12-12 godkjenner Radøy kommune detaljreguleringsplan for Kvalheimsneset fritidsbustad og serviceområde (PlanID: 12602017000100) med plandokument datert 07.03.2019.

Hovudutvalet vedtok fellesframlegg sett fram i møtet.

**Vedtak:**

Hovudutvalet kjem med følgjande innstilling til kommunestyret:

I samsvar med Plan og Bygningslova §12-12 godkjenner Radøy kommune detaljreguleringsplan for Kvalheimsneset fritidsbustad og serviceområde (PlanID: 12602017000100) med plandokument datert 07.03.2019.

---

049/2019: Plansak 12602019000100 Detaljregulering - Urhaug Søndre - gbnr 45/6 Manger - framlegg til 1.gong offentleg høyring og ettersyn

**Behandling:**

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i Radøy kommune vedtek med heimel i plan- og bygningslova §12-10 og §12-11 å leggja ut planforslag for detaljregulering Urhaug Søndre (PlanID 12602019000100) til 1.gong offentleg høyring og ettersyn slik den ligg føre i vedlagte plandokument.

---

050/2019: Plansak 12602019000400 - Detaljreguleringsplan - for akvakulturområde ved Toska sør - godkjenning av planprogram

**Behandling:**



Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i Radøy kommune vedtek, med heimel i plan- og bygningslova §12-9 , planprogram datert 12.06.2019 for PlanID: 12602019000400 - Detaljreguleringsplan - for akvakulturområde ved Toska sør.

---

051/2019: Søknad om tilskot frå kommunalt viltfond til hjortegjerde

**Behandling:**

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Det vert løyvd 10 000 kroner i tilskot frå Radøy kommune sitt viltfond til innkjøp og montering av gjerde rundt rundballar på Gbnr 38/18. Det vert stilt krav om at gjerdet skal brukast til omsøkt formål og skal vere i garden si eige i minimum 10 år.

Det vert løyvd 10 000 kroner i tilskot frå Radøy kommune sitt viltfond til innkjøp og montering av gjerde rundt rundballar på Gbnr 32/5. Det vert stilt krav om at gjerdet skal brukast til omsøkt formål og skal vere i garden si eige i minimum 10 år.

Det vert løyvd 10 000 kroner i tilskot frå Radøy kommune sitt viltfond til innkjøp og montering av gjerde rundt rundballar på Gbnr 33/15. Det vert stilt krav om at gjerdet skal brukast til omsøkt formål og skal vere i garden si eige i minimum 10 år.

Det vert løyvd 10 000 kroner i tilskot frå Radøy kommune sitt viltfond til innkjøp og montering av gjerde rundt rundballar på Gbnr 35/1. Det vert stilt krav om at gjerdet skal brukast til omsøkt formål og skal vere i garden si eige i minimum 10 år.

---

052/2019: Søknad om tilskot frå kommunalt viltfond til hjortegjerde rundt juletefelt

**Behandling:**

Leif Taule (SP) meiner 30 000 kroner i tilskot til inngjerding av juletefelt er alt for lite i forhold til kostnaden med prosjektet.

Taule sette fram følgjande endringsframlegg:

*Det vert løyvd 100 000 kr til inngjerding av juletefelt på Skaråsmyra. Gjerdet skal vera ein permanent installasjon.*

*Tilskotet vert ikkje utbetalt før arbeidet er utført.*

Hovudutvalet vedtok Leif Taule sitt framlegg i møte.

**Vedtak:**

Det vert løyvd 100 000 kr til inngjerding av juletreffelt på Skaråmyra. Gjerdet skal vera ein permanent installasjon.

Tilskotet vert ikkje utbetalt før arbeidet er utført.

---